



**NESCH-UTSTILLINGANE I ÅL KULTURHUS,
SOMMARUTSTILLINGA PÅ PRESTEGARDSJORDET OG
SKILTING TIL STAVKYRKJEMUSEET OG NESCH-MUSEET
ÅL KOMMUNE - SOMMAREN 2021**

NORGES KULTURKOMMUNE 2021-2023

PROSJEKTRAPPORT FRÅ NESCH-UTVALET
Eva Almhjell, oktober 2021.

Samandrag

Nesch-utvalet i kulturkommuna Ål (Norges kulturkommune 2021-2023) har det siste året vore aktivt med i eit prosjekt som hadde to Nesch-utstillingar i Ål kulturhus og ei salsutstilling av samtidskunst i Stavkyrkje-museet sommaren 2021, samt skilt i Ål for Nesch-museet og Stavkyrkje-museet som mål. Tanken om ei Nesch-utstilling var i si tid utvikla av Trond Andersson, Eivind Otto Hjelle og Mons Rud. Arbeidet var dugnadsbasert og prosjektorganisert. Utstillingane opna laurdag 19. juni, etter vel eit par års planlegging. Dei var svært godt besøkt, med stor omsetning i salsutstillinga og bra sal av Nesch-produkt i Ål kulturhus. Ål kunstforening sto som arrangør i samarbeid med familien Hjelle, Nesch-utvalet, Ål kulturhus og frivillige. Familien stilte nye kunstverk til rådvelde. Nesch-kunsten berører og engasjerer. Den breie frivillige innsatsen, ekstern økonomisk støtte til prosjektet og godt samarbeid var drivkrafta bak det ein må kunne kalle eit prosjekt som vart tatt vel i mot.

I rapporten går vi nærare inn på bakgrunnen for og måla med prosjektet, kven som var med, korleis det var organisert, besøkstal og attendemeldingar frå besøkande, og avsluttar med oversikt over økonomi og rekneskap. I rapporten er utvalet mest opptatt av Nesch-utstillingane i Ål kulturhus. Den er ei attendemelding til Ål kommune/Sektor Kultur, som har oppnemnt Nesch-utvalet, men er sjølvstendig open for andre interesserte.

Bakgrunn - eit prosjekt tek form

Ål kunstforening hadde lenge arbeidd med tanken om ei Nesch-utstilling. Trond Andersson var ein sterk pådrivar, saman med foreningas leiar, Mons Rud (død desember 2020). Hausten 2020 opna kunstforeninga for ein representant frå Nesch-utvalet, og 26. august var utvalet med på sitt fyrste møte om saka. I dette møtet utkrystalliserte det seg ein struktur som Nesch-utvalet, i samarbeid med prosjektgruppa, omsette til ei «Handlingsplan for sommaren 2021». Hovudprosjektet kalla vi «Rolf Nesch – Aal er hele adressen nå» Tingenes tilsynekomst, konkretisert til:

Rolf Nesch-utstilling i Galleri Syningen/Ål kulturhus. Opning 19. juni kl. 1400, og – etter kvart – ei utstilling av samtidskunst i Stavkyrkje-museet og Borgstugu med opning 19. juni kl. 1200. Tidsrommet for begge utstillingane var då sett til laurdag 19. juni – laurdag 28. august 2021. Skilta måtte på plass før opninga. Prosjektet har endra namn undervegs, og vart til sist kort og godt kalla «NESCH 21», som vi nyttar i teksten under. Det vart også tidleg i prosessen klart at Nesch-museet vart del av utstillingane i Ål kulturhus.

Prosjektgruppe - økonomigruppe

Det var åtte personar i prosjektgruppa, av desse danna fire ei økonomigruppe. Ål kunstforening har stått som arrangør (Beate Rud og Thor Warberg), i samarbeid med familien Hjelle (Kirsten Hjelle), Ål kulturhus (Torun Tørsteinsrud), Nesch-utvalet (Eva Almhjell) og frivillige (Trond Andersson, Birgit Ulshagen og Bjørn Langseth). Leiar i Ål kunstforening, Mons Rud og Trond Andersson, arbeidde fram tanken om ei Nesch-utstilling, som i sin tur

var ei vidareføring av eit samarbeid med Eivind Otto Hjelle (døde 2019), svigersonen til Rolf Nesch. Trond Andersson designa alt av skilt og informasjonsmateriell i prosjektet.

Sommarutstillinga av samtidskunst på Prestegardsjordet (Stavkyrkje-museet og Borgstugu) vart del av prosjektet.

I økonomigruppa var desse med: Thor Warberg, Birgit Ulshagen, Kirsten Hjelle og Eva Almhjell. Thor Warberg har hatt rolla som koordinator i begge gruppene.

Prosjekt-organisering – kva er det?

NESCH 21 vart organisert som eit prosjekt, dvs. ein måte å organisere ei oppgave på for å nå oppsette mål. Mål blir definert av deltakarane i prosjektet. Det er prosess-orientert, med flat organisasjonsstruktur (likeverdige samarbeidspartar), avgrensa i tid, har sin eigen økonomi og ein koordinator for prosessen. Arbeidsforma gir rom for å prøve, og feile, og lære av det. God kommunikasjon og informasjonsflyt er nøkkelord i prosessen. Budsjett blir sett opp, søknader om økonomisk støtte sendt og rekneskap gjer greie for pengebruken. Alt dette skal gå fram av ein handlingsplan for prosjektet, som blir avslutta med ein prosjektrapport.

Handlingsplan som arbeidsverktøy

Handlingsplanen ga ei oversikt over delprosjekta, medlemmer i arbeidsgrupper knytt til kvart delprosjekt, arbeidsoppgaver, arbeidsdelinga mellom gruppene, framdrift og økonomi, men mangla ein klar krediterings-strategi. Prosjektgruppa la denne handlingsplanen til grunn for arbeidet. Planen vart justert etter kvart møte i prosjekt- og økonomigruppa, og danna grunnlaget for arbeid og framdrift i NESCH 21. Nye skilt som viste veg til hv. Stavkyrkje-museet og Nesch-museet var del av handlingsplanen. Det var koronatider. Vi planla for sommaren 2021, men måtte vera budde på utsetjing til 2022.

Møter

Nesch-utvalet har deltatt i 10 prosjektmøter (8 fysiske, 2 digitale). Mange av dei med munnbind, avstand og handvask. Utvalet var med i tre arbeidsgrupper (økonomi, skilt og media), og sørga for løpande oppdatering av handlingsplanen.

Skilt og skiltmontering

Trond Andersson designa skilta til Nesch-museet og Stavkyrkje-museet, og samarbeidde med firma Halgeir Hansen om trykkinga. Ål kommune ga effektiv hjelp med plassering og montering. Skilta er i hovudsak finansiert av Ål kommune. Skilta vart sette opp dei siste dagane før utstillingsopninga 19. juni 2021. Hallingdal brann- og redningsteneste IKS stilte med kranbil, og kombinerte hjelp med å få skilta på prestegards-låven på plass med ei brannøving. Store og tydelege skilt på nord- og aust-veggen gjorde ein anonym låve til Ål Stavkyrkje-museum (sjå bilder i vedlegget).

Opningsdagen 19. juni 2021

Laurdag 19. juni 2021 vart sommarens våtaste dag. Prosjektgruppa rekna med kring 20 besøkande, men nær hundre folk var med i Stavkyrkjemuseet, og kring femti i Ål kulturhus.

Dei kom, med regnet trommande mot paraplyane sine, og ga mange godord for det dei såg og hørde under opningsseremoniane og fann i utstillinga. Og publikum var i kunstkjøp-modus.

I Stavkyrkje-museet var det ei kort sommarmesse før kultursjef Hilde Løkensgard Bjørnsvik «klypte snora» og takka dei fire kunstnarane (Trond Andersson, Rudi Juchelka, Jørn Nilsen og Lars Monrad Vaage). Tove Bøygard sto for det kunstnariske under opninga av Sommarutstillinga.

Ordførar Solveig Vestenfor opna Nesch-utstillingane i Ål kulturhus. Forfattaren Torgeir Rebolledo Pedersen las sitt dikt frå boka «Rolf Nesch – Tingenes tilsynekomst», boka som låg til grunn for Nesch-utstillinga i Galleri Syningen. Kirsten Hjelle, helsa frå familien. Ingebjør Sørbøen, granne til Rolf Nesch i Liagardane, delte soger frå minneboka om kunstnaren, og spelte fele.

Lokalavisa Hallingdølen omtala utstillingane (sjå vedlegg).

Omsetning 19.6. – 28.8.21 – Ål kulturhus

Tabellen under viser omsetninga av Nesch-produkt i Ål kulturhus.

Sal av Nesch-produkt i Ål kulturhus 19. juni - 28. august 2021

Type produkt	Antal/pris pr. stk	Utgifter*	Sum kr
Plakat – trykk; reproduksjonar	30 á kr. 200		6.000
Litografi – «Dans på brygga»	19 á kr. 1.500		28.500
T-skjorter	2 á kr. 100 8 á kr. 200		1.800
Bøker, hefter, postkort		0	6.590
I alt			Kr. 42.890

Kjelde: Ål kulturhus.

*Det var ingen utgifter til salsprodukt pga. Nesch-utstillingane i prosjekt NESCH 21.

Ål kulturhus har ei kommunal grunnfinansiering, men er også forventa å ha ei viss eigeninntening. Eigeninnteninga i Nesch-museet var i kommunebudsjettet sett til kr. 10 000, mens inntening knytt til utstillingar i Galleri Syningen var på kr. 30 000 (25% provisjon av omsetninga), til saman kr. 40 000. For heile året. Sidan Nesch-utstillinga ikkje var nokon salsutstilling, var sal av Nesch-produkt ei mogleg innteningskjelde. Salet ga ei inntekt på kr. 42 890. Det vil si kr. 2 890 meir enn budsjettert for heile året, berre i utstillingsperioden på ti veker.

Inntekter av salet blir fordelt etter avtale mellom Ål kommune og Hjelle-familien.

Omsetning – 19.6. - 25.7.21 – Sommarutstillinga

Fire kunstnarar med tilknytning til Ål, Trond Andersson, Rudi Juchelka, Jørn Nilsen og Lars Monrad Vaage, stilte ut samtidskunst i Stavkyrkje-museet og Borgstugu på Prestegardsjordet. Begge bygningane var stilt gratis til rådvelde. Det vart omsett kunst for i alt kr. 185 535. Provisjonen til Ål kunstforening var på kr. 44 175. Denne provisjonen inngår i prosjekt-reknskapen. Spørsmål om meirverdirefusjon for ulike tiltak i prosjektet blir handsama seinare.

Opningstider med guiding og gratis adgang

Det har vore gratis adgang til Sommarutstillinga. Opningstidene var onsdag, fredag, laurdag og sundag kl. 13-16. Mange frivillige gjorde ein stor dugnadsinnsats i dagane før opninga. Kunstnarane og andre frivillige stilte som vakter i utstillingsperioden.

Nesch-utstillingane i Ål kulturhus var også gratis. Fri tilgang til Nesch-museet var eit unntak. Sidan Nesch-utstillinga i Galleri Syningen var gratis, bestemte Ål kulturhus at også Nesch-museet skulle ha fri tilgang. Det forventa inntektstapet var sett til kr. 10 000, og er i rekneskapen refundert Ål kulturhus.

Godt besøkte utstillinger

Sommarutstillinga

Vaktene sine tellingar syner 247 besøk til Sommarutstillinga (19.6.-25.7.21).

Nesch-museet

Det vart registrert 502 besøk i Nesch-museet (19.6.-28.8.21). Talet er basert på dei frivillige utstillingsvaktene sine registreringar (tysdag-laurdag kl. 1200-1500), og fribillettar gitt i resepsjonen (open kl. 0900-1600) til folk som kom utanom tidene med vakter.

I Nesch-museet kan besøkande signere i ei gjestebok. I boka er det 250 namnetrekk sommaren 2021, noko som syner at langt frå alle skriv seg inn i gjesteboka. Same besøkande kan også koma att fleire gonger, og signere fleire gonger. Med desse atterhalda, gjekk vi attende til 2017 og følgde besøkstala fram til 2021.

Talet for Nesch-sommaren med sine 250 besøk i perioden 19.6.-28.8.2021 er eit langt høgare enn tal for tilsvarende periode åra før: 88 (2017), 82 (2018), 108 (2019) og 90 (2020 – «pandemisommaren»).

Kva heng dette saman med? Kan det vera gratis inngang, nye bilder i museet til erstatning for dei fjorten som vart flytta til Galleri Syningen? Aktiv marknadsføring? Opningstider? Vêret? Anna? Meir om det under, men fyrst det viktigaste med kunsten.

Kunstens eigenverdi – kunst som berører

Kunsten har ein eigenverdi. Det viktigaste med kunstutstillingar er å gi besøkande eit interessant og gjerne ugløymande møte med kunsten. Eva Almhjell (Nesch-utvalet) sat vakt i to veker. Svært interessant var det, med mange lærerike møte med publikum. Det var inspirerende vera omvisar blant kunstverk av Rolf Nesch. «Spiesbürger», «Mor Aase» og trykkplata til «Bernadette» vart nytta som nøkkerverk for å formidle kunstnaren og hans kunst (sjå bilda under). Mange var djupt berørt av det dei såg og opplevde. Andre vakter røynde det same. Kunst har ein verdi i seg sjølv som ikkje let seg måle i pengar. Rolf Nesch våga lyfte arven etter Edvard Munch. I 1951 flytta han til Ål, men åling vart han aldri. Han var ein outsider med eit skråblikk på omverda, av mange sett på som den største grafikar i Europa på 1900-talet. Hans merittliste er lang og imponerende (sjå t.d. https://nbl.snl.no/Rolf_Nesch og www.aal.kulturhus.no /Om Rolf Nesch).

Fleire gonger tok fyrstegongs-besøkande med gjester og kom att til guida omvisning med ei større gruppe.

Gjestebooka i Nesch-museet (attende til 2017) er full av godord om Rolf Nesch og hans unike kunst, og mange uttrykkjer takksemd over god guiding. Besøkande kjem frå fleire verdsdelar. Mange tyskarar har lete seg overraske over kunstnaren frå Ober-Esslingen i Württemberg. At dei måtte til Ål for å finne han! NESCH 21 har bidratt til å auke kunnskapen om kunstnaren og hans kunst.

Kunstverk frå Nesch-museet vart av etterkomarane til Rolf Nesch si kone, Ragnhild Hald, utlånt til utstillingane i Ål kulturhus. «Er det noko nytt her?» spurte fleire besøkande. Det var ei spesiell glede å vise nye verk. Kanskje er det slik, at nye bilder gir nytt liv til Nesch-museet? Dette er noko folk synest seta pris på.

Utsifting av kunstverk kunne kanskje vera ein idé med tanke på Nesch-museet i framtida?

Marknadsføring - pressedekning

Besøkstalet sommaren 2021 er altså langt høgare enn åra før. Korleis var marknadsføringa?

Ål kulturhus omtala Nesch-utstillingane og Sommarutstillinga i sin vårkatalog og på www.aal.kulturhus.no Annonser vart rykka inn i Hallingdølen, Aftenposten og Klassekampen. Ei heilsides fellesannonse for kunstsommaren i Ål i «Hytta Vår» (eit blad for hyttefolk i Hallingdal), vart betalt av Ål kommune. Buskerud Bildende Kunstnere publiserte begge plakaten og kunstsommar-annonsa, og plakatan vart også fleire gonger publisert på to-tre av prosjektgruppa sine facebook-profilar. Alle skilt vart forsynt med QR-kode.

Plakater vart hengt opp i heile Hallingdal og i Tønsberg, og, ikkje minst, i butikkane i Ål sentrum. Bilda vi nytta var tatt av fotografen Ole Johs. Bbye.

Informasjons- og marknadsføringstiltaka synest ellers i det store og heile å ha fungert godt, som vegvisarar og trekkplaster til Ål kulturhus/Nesch-museet og Stavkyrkje-museet. På spørsmål til tilfeldige besøkande om kvar dei hadde funne informasjon om Nesch-utstillingane, var svaret frå ein del at dei hadde sett plakaten ulike stader i Ål sentrum. Andre refererte til avisannonsa i lokalavisa, nokon til informasjon på nettstaden til Ål kulturhus. Vi forsterka marknadsføringa for Nesch-utstillingane siste veka i juli og to gonger i august med annonser i Klassekampen. Dei var, trur vi, med å trekke besøkande i august.

Det synest nyttig bruke mange informasjonskanalar.

Mitt og andre vakter sine inntrykk er at mange bygdefolk, utflytta bygdefolk på heimeferie, og hyttefolk nytta høvet til å sjå Nesch-utstillingane. Uansett vår. Tilfeldige farande mellom aust og vest var også blant gjestene, som mange utlendingar var det. Og ein god del vestlendingar. Ikkje så uventa, kanskje. Mange vestlendingar er hyttefolk i Hol. Kunne vi ha trekt fleire frå vest med annonser i Bergens Tidende?

Hallingdølen er innom Rolf Nesch og hans kunst, m.a. i eit intervju med Nicolai Tangen i Haustmagasinet 2021. Rolf Nesch endra litt på ting, tok det eksisterande og vreid litt på det. Det er kjerna i all innovasjon. Nesch var ein framand fugl, ein outsider, som han sjølv, seier Nicolai Tangen, ein som oppfatta det verkelege på ein litt anna måte. Det kan vera ein nyttig, og for Nesch, ein skapande posisjon. Tangen har skrive ein master om Rolf Nesch, men har til gode å besøke Ål, Nesch-museet og Ragnhildrud.

Nesch-utval i det dulde?

Nesch-utvalet er eit offentleg utval, oppnemnt av Sektor kultur i Ål kommune. Ein arbeidsplan ligg til grunn for utvalet sitt arbeid, med openheit og informasjon om arbeidet, som blir delt med sektorutvalet og andre. Årsrapport 2020 og eitt og anna utvals-dokument er publisert på Ål kulturhus sin nettstad. Eigen face book profil blir også nytta.

Utvalet har så langt ikkje funne den optimale forma på informasjonen til, enn si kommunikasjonen med, omverda, i og utanfor Ål kulturhus.

Utstillingsperioden på Prestegardsjordet (Stavkyrkje-museet og Borgstugu) vart avslutta 25. juli 2021. Ål kommune eig Stavkyrkjemuseet. Det er berre ope for besøkande når dei er med på kulturvandringar om sommaren, eller når det er utstillingar der. Ellers er det stengt. Folk som vil sjå museet kan tinge tid på førehand. Inngangspengar er kr. 50 for grupper (10 personar) og kr. 70 for enkeltbillett vaksen. Sjå www.visitnorway.no

Er ikkje dette eit tankekors, når titusenvs av kroner er brukt til skilting på og rundt eit museum som verkeleg er verd eit besøk? Kva kan gjerast for å betre tilgangen?

Økonomi

Samla søknadsbeløp var noko høgare enn beløpet som vart innvilga, men vi fekk ein pangstart før jul 2020, då Ål kommune lova kr. 80 000 til skilt, og då AKO Kunststiftelse 1. februar 2021 innvilga heile søknadsbeløpet på kr. 130 000 til Nesch-utstillingane i Ål kulturhus (søknad datert 27.1.2021). Med desse midlane fullfinansierte AKO Kunststiftelse Nesch-utstillingane. Dette ga økonomisk tryggleik til det vidare planarbeidet for kunstutstillingane og skiltinga. I alt hadde prosjektet kr. 335 000 til rådvelde, som vart nytta slik tabellen under viser.

Økonomisk støtte til Nesch-utstillingane i Ål kulturhus, Sommarutstillinga 2021 og skilting.

Namn	Søkt om			Innvilga		
	Nesch	Sommar	Skilt	Nesch	Sommar	Skilt
AKO Kunststiftelsen	130 000			130 000		
SpareBankstiftelsen1*	40 000			15 000	25 000	
Ål kommune			113 025			80 000
Ustekveikja Energi			15 000			15 000
Ål næringsfond**	50 000					50 000
Ål kunstforening***	20 000				20 000	
Omsøkt/innvilga i alt	Kr. 368 025			Kr. 335 000		

Kjelde: Budsjett og enkeltsøknader til finansiering av utstillings- og skiltprosjektet.

*Bevilga beløp var ialt kr. 40 000, som vart fordelt med kr. 15 000 til Nesch- og kr. 25 000 til Sommarutstillinga

**Beløpet var bevilga til utstillingane, men vart etter avtale med givar omdisponert til skilt.

***Beløpet vart stilt til rådvelde «ved behov». Årsmøtevedtak i Ål kunstforening.

Søknader vart også sendt til Goethe-instituttet og Den tyske ambassade, til Hafslund Eco og Gjensidigestiftelsen. Frå desse fekk vi avslag eller ingen respons.

Kreditering

Dei som støttar slike prosjekt bør krediterast, dvs. at vi synleggjer støtta på ulike vis. I dette prosjektet gjorde vi det ved å bruke AKO Kunststiftelse, SpareBankstiftelsen1 og Ål kommune sin logo på annonsane til utstillingane. Skilta vart finansiert av Ål kommune og Ustekveikja Energi. Desse er kreditert på skilta. Logoene kunne også vore med på begge plakatane, slik Ål kunstforening sin logo var med på plakata for Sommarutstillinga og logoen til Ål kulturhus på Nesch-utstillingane. Vi hadde ingen krediteringsstrategi.

Det var berre SpareBankstiftelsen1 som skriftleg venta at tilsendt reklame vart nytta til utstillingane. Her finst eit visst forbettringspotensiale med tanke på seinare prosjekt.

Under guiding i Nesch-utstillingane vart eigarskap til og samarbeid om Nesch-kunsten mellom eigar og Ål kommune formidla, og at Nesch-utstillingane i Ål kulturhus sommaren 2021 var fullfinansierte av AKO Kunststiftelse.

Stutt oppsummert: gratis inngang, breid marknadsføring med m.a. annonser, skilt, plakater i sentrum, sirkulering av kunstverk i Nesch-museet og omvisning i Nesch-utstillingane har truleg bidratt til dei høge besøkstala i Nesch-museet sommaren 2021.

Moglege tiltak på denne bakgrunn:

-Laga ei prøveordning med gratis tilgang til Nesch-museet sommaren 2022. Mål: Fleire besøkande.

-Skifte ut enkelte kunstverk i Nesch-museet frå tid til annan for gjera folk nysgjerrige og slik bidra til å høgne besøkstalet.

-Forsøk med omvisning i Nesch-museet som sommarjobb.

-Korleis betre formidlinga til omverda, i og utanfor Ål kulturhus, om Nesch-museet og Nesch-utvalets aktivitet?

- Kva kan gjerast for å betre tilgangen til Stavkyrkje-museet?

Rekneskap

Vedlagte rekneark, revidert 13. september 2021, viser korleis pengane, kr. 335 000, er nytta. Økonomien gjekk i balanse, og, som arket viser, var det også rom for honorering av arbeidet med design av skilt og plakater. Prosjektgruppa nådde hovudmåla i handlingsplanen for NESCH 21.

Nesch-utvalet og NESCH 21

Nesch-utvalets mandat er m.a. «å auke interessa for, og kjennskapen til, Nesch-museet og Rolf Nesch sin kunst.» Nesch-utvalet har med si deltaking i prosjekt NESCH 21 følgd opp utvalets mandat og sin eigen handlingsplan for 2021-23.

Utvalet takkar for ein lærerik prosess i prosjekt-, økonomi- og arbeids-grupper sett saman av dyktige folk med svært ulik fagleg bakgrunn og eit mangfald av røynsler. Knirkefritt har det sjølv sagt ikkje vore, men i det lange løp kan vi konkludere med at mangfaldet vart til styrke.

Eva Almhjell
for Nesch-utvalet

Tønsberg, oktober 2021

Vedlegg:

- Revidert rekneskap datert 13.9.2021
- Kort og varig marknadsføring (bilder av annonser, plakater og skilt)
- Bilder frå pressedekning i Hallingdølen 19. og 22. juni 2021

ÅL KUNSTFORENING: PROSJEKT-REKNSKAP: NESCH + SOMMARUTSTILLINGA I ÅL 2021

BILAG		1. REKNSKAP			2. FORDELING	
A. Skilt/Varig markedsføring		MVA	SUM	NESCH	SOMMAR	
A1	Infoskilt 2 sidig: 3 stk	42000	10500	52500	26250	26250
A2	Infoskilt einsidig: 2 stk	24000	6000	30000	15000	15000
A3	Oppsett og produksjon	8970	2243	12720	6360	6360
	Prisstigning	6700	1675	8375	4188	4188
A4	Design skilt og plakater	12000	3000	15000	7500	7500
A5	Logoskilt Prestgardslåven	26368	6592	32960		32960
UTSTILLINGANE						
B. Opningsprogram						
B1	Tove og Hege	6000	0	6000		6000
B2	Ingebjør og Reboledo	10000	0	10000	10000	
B3	Lyd	7500	0	7500		7500
B4	Annonse 19.6.	7712	1928	9640	9640	
C. Plakater og foto etc.						
C1	OJBrye Plakater	15470	3868	19338	9669	9669
C2	OJBrye foto	10200	2550	12750	6125	6625
D. Annonser						
4,5,8,9	Aftenposten 7 stk	6248	1562	7810	5665	2145
07	Klassekampen	16000	4000	20000	20000	
06	Hallingdølen	2240	560	2800		2800
E. Diverse						
1	Maling + matter	966	242	1208		1208
2	Ramme og DHL	3340	835	4175	4175	
3	Brev til vakter	921	230	1151	656	495
4	Kamera, ruter etc	4144	1036	5180		5180
5	Emball. Kontor	562	140	702		702
6	Frikjøp Nesch billetter	20273	0	20273	20273	0
7	Forsikring Sommarutst.	1701	0	1701	0	1701
8	Forsikring Nesch	9225	0	9225	9225	
SUM B-E		122502	16951	139453	95428	44025
SUM SKILTING A		120038	30010	151555	59297	92258
PROSJEKT SUM A:E		242540	46960	291008	154725	136283
						291008

2. SPONSING OG FORDELING summert			NESCH	SOMMAR	inkl läve skilt
Ustekveikja	15000 mottatt			15000	
Ål kommune	130000 mottatt			130000	
Ål Kunstforening	20000 e. behov		10000	10000	
AKO foundation	130000 søk		130000		
Sparebankstiftelsen	40000 Mottatt		15000	25000	
SUM	335000		155000	180000	335000
Ubenyttet (335-prosjekt sum)	43992		275	43717	

MVA-refusjon?

3. Besøk	Sommar	Nesch	4. Sommar salg brutto	185535
	247 stk	501 stk	Provisjon Ål kf.	44175

Ål, 9.9.21.

Thor Warberg
Kassør

Kontrollert 13/9 21
Henry Kjøllesdal

Annonse, skilt, og plakat nytta i marknadsføringa av Nesch-utstillingane i Ål kulturhus. Skilta er varig marknadsføring, det andre er knytt til utstillingane sommaren 2021. AKO Kunststiftelse støtta i utgangspunktet dei to Nesch-utstillingane, men opna for og ga støtte til at vi også kunne nytte midlar til varig marknadsføring (skilt) av Nesch-museet i Ål kulturhus.

KUNSTSUMMAR I ÅL

PROGRAM FOR ÖPPNINGSDAGEN 19. JUNI

PRESTEGÅRDSSTUNET

ÅL STAVKYRMEUSIK OG BØRGSTUGU



«FIRE KUNSTNARAR I ÅL»
JØRN NILSEN, LARS MONRAD VAAGE,
RUDI JUICHEKA, TORUD ANDERSSON

Kl. 11.30 Sommeningsdøstene ved Prestevingen Hømsdal
Musikk: Jo Angvik Le

Kl. 12.00 «Opning og kulturhistoriske høytider»
«Der Wälschung lundet liss kiskvinnit i Prestegårdstunet»
Bjørn JENSEN, Lars Monrad Vaage og Rudi Juicheka
Om Prestegårdstunet og kirken
Om Prestegårdstunet syng og spille

Der blir gitt ut til alle i møte Annettsen og på kunstnens
og på Stavsbykkjenningsmuseet fra Ål kl. 13.30

... DÅ ER NESTE STOPP ÅL KULTURHUS OG

NESCH-MUSEET

DER TO NESTE UTSJELLINGAR SKAL OPNÅSE.

GALLERI STYNGEN
«TINGENES TILSYNEKOMST»
Et utstilling med og bilene basert på
boka 1819/1923 der 14 norske forfatterne
om de norske Nedschibene.

NESCH-MUSEET
«FRÅ EN KUNSTNARS SKATKAMMER»
14 BILDE FÆSTATT OG SOM ER FYRTA TIL GALLERI STYNGEN
Kl. 14.00. Opning og erfarne Solvæg Væstnes
Erkjennelse for alle i Ål og i Prestegårdstunet
Forfatter: Stig Røedhøvd
Ingebjørn Sørensen syng

NESCHUTSTJELLINGAR ER OPNE TIL KL. 16.00.

Programmet ved
Solvæg Væstnes
Kunstner og forfatter
Ål Kommunehuset
NESCH Kunststillelse

KUNSTSUMMAR I ÅL

HUK GIBBERE DAGEN I ÅL
NEDSCHUTSTJELLINGAR OG
NEDSCHUTSTJELLINGAR OG

[illegible]

Lokalavisa Hallingdølen skreiv om Sommarutstillinga før opninga (publisert 19.6.21), og laga stor reportasje frå opninga av Nesch-utstillingane 19. juni 2021 (publisert 22.6.21).

[illegible][illegible]